

## Rom for møte: Prosjekt Hagekunst

### Rapport frå prosjektet:

Mål:

**Leggja til rette for gode kultur møte der elevar ved Voss Vaksenopplæring møter utøvande kunstnarar og handverkarar i ein ny og annleis læringsarena i lokalmiljøet**

Samarbeidspartar: Stiftinga Bergsliminne, Voss Vaksenopplæring, Synnøve Kløve-Graue: Landskapsarkitekt og hagehistorikar, Voss Bibliotek

Aktivitetar:

1. Fotografi
2. Poesi
3. Stell av hage under kyndig rettleiing
4. Snekring av benker og bord til hagen

1. Fotografi og utstilling/framføring

Elevane i to klassar har hatt fotodokumentasjon av prosessen med våronn i hagen. Før, undervegs og etter.

Fotokurs med fotograf Ådne Sandvik Dyrnesli.

Fotografia er stilte ut i Bergslihuset i sommar.

Elevane fortel om prosjektet sitt til publikum. Synfaring ute og fotopresentasjon inne.



*Deltakarane har teke bilete av våronn i hagen*

2. Poesi og utstilling/framføring

Elevane i ein annan klasse har jobba saman med ein forfattaren Hans Sande med poesi og diktskriving knytt til kunstnarminnet Bergslitræet

Dikta blir stilt ut i Bergslihuset i sommar saman med fotografia.

Elevane framfører eigne dikt samstundes med presentasjon av praktisk/fotoprosjektet.

3. Stell av hage. Våronn

Synfaring med hagehistorikar og innspel frå Grøn etat la grunnlaget for rydding av gammal grunnmur, beskjæring av epletre og syrin mm. Det var sådd blomar og planta staudar.



*Snekring av benkar*

4. Snikring av benkar og bord til hagen

Utgangspunkt i bilde frå liknande hagar på 1860- talet: benkar utan ryggstø og bord av firkanta skiferheller med tre eller fire føter.

Elevar snikrar saman med røynd snikkar.

**Vurdering:**

Dette prosjektet vart litt annleis enn det me søkte om. Målet om felles arbeid kring kunst og litteratur, og møte med ulike menneske i lokalmiljøet, vart likevel nådd. Gjennom kontakt med vaksenopplæringa og kunstmiljøet kom det fram nye, gode idear og mykje entusiasme. Deltakarane har fått betre kjennskap til norsk litteratur, dei har lært noko om å skriva dikt og dei har lært å fotografere og vurdere bilete. Gjennom dette og møte med frivillige i Stiftinga Bergsliminne og frivillige på dugnad i hagen, har dei fått nye kontaktar og mykje positive tilbakemeldingar.



*Samarbeid mellom bibliotek og vaksenopplæring*

## Rekneskap

### **Inntekter:**

Tilskot frå Hordaland fylkesbibliotek 30 000,- kr

### **Utgifter:**

Tur til Haugesenteret, våren 2017 2429,- kr

Honorar, reise og opphald fotograf 9000,- kr

Honorar og reise forfattar 8393,- kr

Hotell forfattar 1009,- kr

Kopiering 1700,- kr

Snikkar løn og reise 5300,- kr

Andre utgifter 2169,- kr

Sum 30 000,- kr

I tillegg har vaksenopplæringa og biblioteket brukt mange arbeidstimar.